Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lier

Emne: Beit og brom

Bygdelag:

Oppskr. av: Andreas Kopperud

Gard:

(adresse):

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Klaus Landfald, f. 1885 på Landfald, bonde dr. Mykje med i kommunalt

SVAR

stell, prisdomar ved fesjå, form. i Lier Bygdeboknemnd.

Enkelte har brukt å gi kyrne kvist og ris om vinteren og våren. I 1905 etter det svare turkeåret var det brukt mykje. Hos svigerfar til K.L. hadde dei hogge opp ein del kvistved, men han tok og har det til kyrne. Dei åt opp alt, endå om kvisten var fingertjukk.
K.L. kjenner ikkje til at beitakost i vanleg tyding er nytta i Lier. Men det var vanleg at dei om hausten når dei hogg ned osp og slikt som vaks langs bekker og gjerde, felte dei inn over beite, slik at kyrne fekk gnaga av dei.
K.L. kjenner ikkje til at bar er brukt som fôr i Lier, men han såg det i Sigdal då han var der. Kona hans gjekk på den gamle husmorskulen i Buskerud vinteren 1904-05. Der fôra dei med granbar, det vart kjørt heim eit hestelass kvar dag. Gardsstyraren der heitte Tidje og var vestlending.

9663